

## Framlegg

### Arbeidsplan for Tromsø SV

Dette dokumentet skal gje ei retning for arbeidet i Tromsø SV i året som kjem. Planen vil ikkje kunne følgjast slavisk, men vere retningsgjevande.

2016 er eit mellomvalår. Det blir viktig å legge grunnlaget for ein god valkamp i 2017 og gje medlemmane gode kanalar for innverknad på politikken i Tromsø kommune. Forøvrig er det viktig at Tromsø SV legg til rette for at medlemmane skal ha innflytelse på prosessar sentralt i partiet.

#### Mål for året:

1. Styret skal legge til rette for at medlemmane får reell innverknad på prosessen med å lage nytt arbeidsprogram i SV fram mot vedtak på landsmøtet i 2017
2. Styret skal legge til rette for at medlemmane får innverknad på politikken i Tromsø kommune. Arbeide for å ta vare på sigrane vi fekk i samarbeidserklæringa mellom SV, Raudt og Ap om styringa av Tromsø kommune.
3. Tromsø SV skal vere ein arena for utvikling av politikk.

#### Handlingar

- Arrangere møter om sentrale tema, og legge til rette for gode vedtak
- Arrangere ulike lågterskeltiltak/sosiale tiltak for at det skal bli lettare å bli med i partiarbeidet.
- Vidareutvikle kommunikasjonen med medlemmar og andre ved bruk av e-post, sosiale media og andre kanalar